



Til Helsedirektoratet
Ved Rolf Hansen

Rapport frå Hordaland fylkeskommune 2014

Denne rapporten kjem i tillegg til hovudrapport frå Høgskulen i Bergen, og legg mest vekt på å få fram korleis skulane/SFO-ordningane vurderer resultatane knytt opp mot utvikling av tiltak og bruk av prosjektmidlar. Her er også lagt inn vurderande kommentarar frå Hordaland fylkeskommune. Skulane har sendt inn rapport til fylkeskommunen på eige skjema: Sjå vedlegg.

Namn på tilskotsordning

Helsefremjande nærmiljø og SFO. Program: «Folkehelse og nærmiljøkvaliteter – Helsefremmende nærmiljøkvaliteter for SFO».

Kapittel og post

Kap 719 post 560

Mål for tilskotsordninga

Tiltaksordninga er del 2 av kompetanseprogrammet «Folkehelse og nærmiljøkvaliteter – Helsefremmende nærmiljøkvaliteter for SFO». Overordna mål for kompetanseprogrammet er samarbeid på tvers av HiB, HFK og Helsedirektoratet. Samarbeidet skal , auke kunnskap på tvers av organisasjonane og utvikle ny kunnskap om samanhengar mellom folkehelse og ulike faktorar i nærmiljøet. Prosjektet skal vidare bidra til kompetansebygging om korleis nærmiljøfaktorar kan fremje helse og trivsel.

Skulefritidsordninga (SFO) blei valt som innsatsområde for programmet i Hordaland. Gjennom bruk av tiltaksmidlar frå Helsedirektoratet, eigeninnsats og bidrag frå fylkeskommunen, skulle deltakar kommunar/skular/SFO-ane i Hordaland få ei forståing for nærmiljø som ein viktig folkehelsearena og knytte prosjektet til folkehelsearbeidet i eigen kommune. Vidare skulle prosjektet bidra til å etablere tiltak som har langsiktig verknad, auke samhandling med ulike aktørar i nærmiljøet, bidra til å auke deltaking og inkludering og til å jamne ut sosiale skilnader i helse, samt få fram ny kunnskap om ulike nærmiljøkvalitetar.

Økonomi

3 kommunar med 8 skular/SFO-ordningar deltok i kompetanseprogrammet. Desse søkte om kr. 688 093.- i tiltaksmidlar for 2014. 2 prosjekt i same kommune blei slegne saman fordi skulane skal bli ein skule frå hausten 2015. 7 prosjekt fekk dermed tildelt midlar vurdert etter innsendt projektskisse, samt vurdering av prosjektmål/tiltak og prosjektstorleik. På dette grunnlaget varierer også prosjektstøtta frå tilskotsordninga til dei ulike SFO frå kr 55 000 til 110 000.- Dei fleste skulane fekk tildelt kr 65 000.- Tilgjengelege midlar frå Helsedirektoratet til fordeling var kr 516 800. -

Det blei stilt krav om medfinansiering frå skulane/kommunen med ca. 50 %. Skulane/kommunane har bidrege inn i arbeidet med betydeleg eigeninnsats i prosjektet som sitt bidrag til medfinansiering. Prosjektmidlane er nytta til tiltaksutvikling ved skulane, ikkje til frikjøp av personellressursar for å drive prosjektet. I fleire av prosjekta er det også utført ein betydeleg innsats i form av frivillig arbeid frå born, foreldre og frivillige lag og organisasjonar, sponsing, samt avtale om grunn med grunneigar osv.

Fleire SFO rapporterer også at eigeninnsatsen blei større enn det ein såg føre seg ved prosjektstart. Hordaland fylkeskommune har ikkje bidrege med prosjektmidlar til tiltak, men følgt opp arbeidet i kommunane/skulane meir praktisk. Fylkeskommunen har etablert samhandling med kommunane si leing/folkehelsekontakt og arrangert forankringsmøter med kommunane i samarbeid med Høgskulen i Bergen. Fylkeskommunen har delteke på vegleiingsmøta HiB gjennomførde ved dei ulike SFO. Sidan tilsette ved fleire SFO hadde liten prosjektkompetanse ved prosjektstart har fylkeskommunen følgt opp tiltaksutviklinga. Det har vore avvikla oppfølgingsmøter med fleire kommunar, og i skulane ut i frå behov. Fylkeskommunen har også bidrege i utvikling av prosjektsøknadane ved fleire skular. Dette for å sikre at prosjekttretninga var i tråd med opplæringa i Kompetanseprogrammet i regi av HiB, og i tråd med målkrava frå Helsedirektoratet. Kartleggingsverktøyet som blei brukt blei utvikla av Høgskulen i Bergen. Fylkeskommunen har også teke oppfølgingstelefonar til skulane og svart på konkrete spørsmål direkte frå skulane. Totalt ressursinnsats er vurdert til ca. 3 månadsverk ca. kr 150 -175 000 kr. Fylkeskommunen har også medfinansiert erfaringssamlinga ved HiB i 2015 med kr 15 000.

Oppnådde mål i 2014

Helsedirektoratet stilte følgjande målkrav i brev 23/11 2013:

- Beskriving av gjennomførte tiltak og vurdering av oppnådde mål.
- Beskriving av kor mange som direkte og indirekte har nytta godt av tiltaka
- Beskriving av grad medverknad og deltaking
- Beskriving av grad av overføringsverdi til andre fylkeskommunar, kommunar og utdanningsinstitusjonar.

Skulane fekk gjennom kompetanseprogrammet «krav» om å setje tydelege mål og presisere tiltak, vise korleis prosjektet blei implementert i folkehelsearbeidet i kommunen, beskrive korleis prosjekta kan bli langsiktige nærmiljøsatsingar, vurdere i kva grad valde tiltak verka som nærmiljøtiltak, beskrive involvering av borna og vurdere overføringsverdi til andre.

Lokale mål i prosjektsøknaden frå Hordaland fylkeskommune til Helsedirektoratet i 2013 for SFO i Hordaland var: a) gode, trygge og aktive uteområde i SFO/nærområde og
b) gode og trygge rammer for SFO-måltid ute og inne.

Valde innsatsområder i dei ulike SFO-ordningane er:

- Kosthald og helse i SFO: 1 skule
- Uteområder på skulen/nær skulen som nærmiljøarena: 4 skular
- Fysisk aktivitet i nærmiljøet inn som aktivitet i SFO-tida: 2 skular

Vurdering av oppnådde mål

Dei fleste SFO skriv eller formidlar at prosjektfasen har vore for kort. Det tek tid å utvikle prosjekt og prosjektkompetanse, samt velje realistiske mål og tiltak. Det tek tid med utvikling og gjennomføring av prosjekt i SFO både med tanke på stram timeplan og få personalressursar. Ei viktig tilbakemelding frå fleire SFO er at tilsette har fått auka kompetanse på prosjektarbeid, folkehelse og samarbeid med andre delar av kommunen og frivillig sektor.

Fylkeskommunen sin vurdering er at alle deltakar skulefritidsordningane er godt i gang med å oppnå dei planlagde prosjektmåla og får gjennomført tiltak etter oppsett tidsplan. Det tek også tid å utvikle nye samarbeidsrelasjonar. Dei fleste prosjekta er ikkje avslutta pr.30. 01. 15, men vare ut skuleåret 2014- 2015.

Vurdering av gjennomføring av tiltak

Alle skulane/SFO er pr. januar 2015 godt i gang med gjennomføring av tiltak. Tiltaka verkar stort sett

presise for å oppnå dei planlagde måla. Tiltaksutviklinga har også ulik storleik. Ved utforming av nærmiljøområder tek dette tid (avtaler med grunneiar, byggjemeldingar, dugnadsinnsats mm). Fleire av prosjekta vil bli ferdigstilte våren 2015. Nokre av tiltaka skal implementerast gjennom nye tilbod i skulane. Skogsvåg skule har lagt arbeidet med prosjektet inn i timeplanen. Stranda har auka dagar med uteaktivitet på timeplanen. Christi Krybbe skoler, Løvås skole og Slettebakken skole innarbeider nye aktivitetar i årsplanen. Dei andre SFO-ane har allereie så langt det er mogeleg, etter kor langt prosjektet er kome, teke dei nye uteområda til bruk for både leik og matlaging.

Fylkeskommunen vurderer at det er god realisme i arbeidet med tiltaksutviklinga. Alle skulane har vore konkrete i val av tiltak, noko som gjer det enkelt å måle grad av gjennomføring. Tiltaka er målretta mot borna og SFO som nærmiljøarena.

Er prosjektet implementert i kommunen sitt folkehelsearbeid

Her svarar kommunane ulikt. I Osterøy kommune er prosjekta forankra i kommunen ved at folkehelsekoordinator har vore prosjektdrivar i samarbeid med SFO-leiarar. Forankringa er på rådmannsnivå. Prosjektet vil inngå som erfaringsgrunnlag i vidare planlegging (t.d. samfunnsplan). I Sund kommune har rektor og SFO-leiarar ved skulane utvikla prosjekta. Prosjekta har vore forankra i samarbeid med kommuneleiing på oppvekst/kultur/folkehelse. Prosjektutvikla inngår i kommunen si satsing på barn og unge, samt i målet om å auke fysisk aktivitet for barn og vaksne i folkehelsearbeidet. Gjennom arbeidet er frivillig sektor sterkt involvert. Også i skulane/SFO i Bergen kommune har SFO-leiarar i samarbeid med rektor utvikla prosjekta. Bergen kommune er ein storby kommune. Forankringa her har vore i fagavdeling for barnehagar og skular (BSS). Satsingane er knytt til mat, helse og fysisk aktivitet.

Fylkeskommunen vurderer at skulane i ulik grad såg rollen sin som folkehelseaktør i det breie folkehelsearbeidet i startfasen av Kompetanseprogrammet. Dette har utvikla seg positivt i prosjektfasen og fleire av prosjekta har retta seg mot å betre levekår, fremje sosial inkludering og utjamne sosiale helseskilnader. Ved etablering av nye prosjekt bør forankring i planverk og forankringsarbeid mot leiing i kommunane prioriterast tidlegare.

Vil prosjektet bidra til langsiktig tenking rundt samarbeid i nærmiljøet

Dei fleste deltakarskulane rapporterer at prosjekta har medverka til større lokalt engasjement og skapt meir samhandling i nærmiljøet. Det er blitt større merksemd på SFO som arena i nærmiljøet. Fleire rapporterer større kjennskap til og samhandling med frivillig sektor. Fleire av prosjekta genererer vidare samhandling mellom aktørane om nye prosjekt.

Fylkeskommunen vurderer at det kan hentast ut positive gevinstar frå dei ulike prosjekta i eit langsiktig perspektiv. Det var nytt for dei fleste skulane/SFO å tenke nærmiljøkvalitetar, og etablere samarbeidsrelasjonar utanfor skulen.

Eigenvurdering frå skulane:

Slettebakken skole «Etablering av samarbeidsrelasjonar i nærmiljøet tar tid. Vi har etablert kontakt med ulike aktører, og ser at dette kan bidra til et fast og mer langsiktig arbeid. Det har vært utfordrende å finne aktuelle aktører som kan være naturlige samarbeidspartar knyttet til kosthold».

Skogsvåg skule «Ved at vi har hatt mange samarbeidspartar i dette prosjektet, vil det føre til vidare samarbeid om nye prosjekt. Vi opplever det som svært vellukka å involvere ulike organisasjonar. Organisasjonane representerer ulike grupper menneske i ulike aldrar».

Christi Krybbe skoler «Vi tenker at ved å definere SFO-tilbudet ved Christi Krybbe skoler som

satsende på idrettslek i samarbeid med TIF Viking, så «åpner» vi idrettsanlegget til TIF-Viking opp for barn og foreldre».

- Løvås skole* «Vi kommer til å samarbeide vidare, og har en god dialog med den lokale klubben «Stormkast» og FAU ved skolen. Alle parter ønsker å føre mennesker inn i organisert idrett, direkte i eget nærmiljø».
- Stranda skule* «FAU arbeider vidare med prosjektet. Dei ønskjer å lage ein aktivitetspark som vil gjere området endå meir attraktivt for fleire aldersgrupper. Som eit resultat av arbeidet med folkehelseprosjektet har vi også fått eit nærmare samarbeid med turlaget og med biblioteket sitt prosjekt. Vi kan dermed sjå heile området i ein meir heilskapleg samanheng».
- Lonevåg skule* Det er oppretta ei tverrfagleg plangruppe som mellom anna arbeider på nærmiljøprosjektet. Erfaringane frå dette prosjektet vert brukt som døme.
- Valestrand skule* Det er oppretta ei tverrfagleg plangruppe som mellom anna arbeider på nærmiljøprosjektet. Erfaringane frå dette prosjektet vert brukt som døme. Prosjektet vil og bli tatt med som eit erfaringsgrunnlag i vidare planlegging (eks. samfunnsplan, oppvekstplan).

Vurdering av om tiltaka har verka som nærmiljøprosjekt:

Skulane framhevar særleg.

- Barn, foreldre, skule og SFO har i større grad fått felles eigarskap til ein nærmiljøarena som tidlegare ikkje var så lett tilgjengeleg. Prosjektet har verka samlande i skulen. I ein av skulane (Skogsvåg) har det utvikla seg tettare samarbeid mellom SFO og lærargruppa enn før. Lærar og rektor har saman med SFO-tilsette delteke i prosjektutviklinga.
- Dei nye uteområda i nærmiljøet er opne og tilgjengelige for alle og kan brukast av befolkninga i ulike aldersgrupper. Området kan bli ein stad og samlast etter skuletid og i helger.
- Fått framheva at SFO/skulane kan vere ein viktig aktør i utvikling av nærmiljøet – og fått fram at det er mange gode krefter å spele på i eige nærmiljø. Auka engasjement frå foreldre. Viktig å samarbeide med frivillige organisasjonar i nærmiljøet.
- Gjennom fleire av prosjekta er det skapt breitt lokalt engasjement. Samarbeidet mellom offentleg sektor/frivillig sektor og næringsliv er auka, men litt avhengig av val av innsatsområde. Dette er enklast i prosjekt som gjeld utemiljøet/fysisk tilrettelegging. Det krev meir målretta innsats å få det til når hovudsatsinga handlar om kosthald.

Fylkeskommunen si vurdering er at skulane allereie no melder om positive kortsiktige verknader. Det er for kort prosjektperiode til å vurdere den langsiktige gevinsten. Vi har likevel god tru på at gevinsten vert langsiktig og at SFO/skulane/kommunane greier å vidareføre og nytte den nye kunnskapen. Ein kunne også i større grad i prosjektutviklinga lagt vekt på meir samarbeid mellom skule og SFO i utviklinga av prosjektet.

Vurdering av deltaking: Indirekte og direkte. Korleis er borna involvert.

Dei ulike SFO-ane har løyst deltaking og involvering i prosjektutviklinga ulikt. Tabellen nedanfor viser at deltakinga naturleg nok har vore størst i SFO. Skulane har også involvert FAU og foreldre i stor grad. Involvering av borna er gjort ulikt. Innsatsen her har variert frå orientert til rådspurt til svært deltakande

prosessar. Tre skular/SFO Slettebakken, Skogsvåg og Stranda merkjer seg ut i involvering, tilrettelegging og gjennomføring saman med borna. Men her kjem også tidsfaktoren inn.

Fylkeskommunen meiner at det er viktig å merke seg at skulane har utvikla ulike prosjekt utifrå sine lokale rammer og behov. Oversikta syner at tiltaka har vore retta mot aktivitetar til beste for borna.

Tabellen syner korleis skulane formidlar deltaking i prosjektet.

Direkte deltaking:

<i>Slettebakken skole</i>	SFO-leiar og ein SFO-tilsett har hatt særleg ansvar for oppfølging og gjennomføring av tiltaka. Alle 120 barna og 10 tilsette har vore involvert i delar av prosjektet.
<i>Skogsvåg skule</i>	Skulen og SFO med tilsette og elevar. Føresette som også har representert idrettslaga. FAU. VGS. Familie- og kvinnelaget, barnehage, grunneigarar.
<i>Christi Krybbe skoler</i>	Skule, SFO, Idrettslaget med personale, instruktørar og leiinga. Barna.
<i>Løvås skole</i>	SFO. Barna 100 stk, tilsette 15 stk, frivillig lag 7 stk (kursdagar og opplæring).
<i>Stranda skule</i>	Skulen og SFO, FAU, Lokale næringsdrivande.
<i>Lonevåg skule</i>	Folkehelsekoordinator, rektor, 2 SFO-tilsette, grendarådet, idrettslaget, VGS, FAU.
<i>Valestrand skule</i>	Folkehelsekoordinator, 2 SFO-tilsette, grendarådet, idrettslaget, VGS, FAU.

Indirekte deltaking:

<i>Slettebakken skole</i>	Barna var med i både tilrettelegging og gjennomføring.
<i>Skogsvåg skule</i>	Kommunen, friluftsrådet.
<i>Christi Krybbe</i>	Foreldre, lærarar og andre barn i bydelen.
<i>Løvås skole</i>	FAU.
<i>Stranda skule</i>	Kommunen ved kulturavdelinga, Biblioteket og turlaget.
<i>Lonevåg skule</i>	Sektorleiar oppvekst (prosjekteigar), teknisk.
<i>Valestrand skule</i>	Sektorleiar oppvekst, teknisk avd, planavd, rektor.

Har sluttresultatet overføringsverdi til andre

Litt frå eigenvurderinga til skulane:

<i>Slettebakken skole</i>	<i>«Slik vi vurderer det, vil satsing på samarbeid med aktører i nærmiljøet styrke våre barns oppvekstmiljø, og betre deres levkår. Mat og mattradisjonar er viktige faktorer i samfunnet, og noe som binder mennesker og kulturer sammen. Nærmiljøprosjektet knyttet til kosthold mener vi har overføringsverdi for alle som arbeider med barn og unge. Det vil være positivt for inkludering i et flerkulturelt miljø, og det vil styrke det sosiale miljøet og bidra til å utjevne sosiale helseforskjeller».</i>
<i>Skogsvåg skule</i>	<i>«Timeplanfesta aktivitetar i prosjektet har gitt god framdrift i arbeidet. Det gjer at alle på skulen blir delaktige gjennom heile prosjektet. Alle får eit eigar tilhøve til arbeidet og det vi skaper. Dette motiverer og engasjerer! Dette er verdt å ta med seg til andre skular/SFO eller andre organisasjonar</i>

som skal gjennomføre eit prosjekt. Det at vi har mange ulike grupper og organisasjonar involvert i prosjektet, opplever vi som svært positivt. Mange involverte gjev gevinst i spreining og dermed stor kjennskap til området og aktivitetane der. Sluttresultatet med ein folkehelsearena som legg til rette for fysisk aktivitet for menneske i alle aldrar har stor overføringsverdi».

- Christi Krybbe skoler* «Å finne tid, og, gode nok arenaer med kvalitetssikrede tilbud, vil være en utfordring for enhver SFO. Vi tenker at vårt prosjekt har en klar overføringsverdi til andre SFOer». «Det å knytte SFO opp mot et lokalt idrettslag, i det omfang vi har gjort med TIF- Viking, vil bidra til å gi barn og foreldre en «myk» og god overgang til en nærmiljøarena som ellers ikke oppleves som like lett og tilgjengelig for alle».
- Løvås skole* «Dette er for tidlig å si noe helt sikkert om, men der et tydelig potensiale. Klubben Stormkast tror det vil føre med seg flere medlemmer og mere bruk av Lynghaugparken.»
- Stranda skule* Tarzanløypa vil verta nytta i friminutt, i gymtimar og til fysisk aktivitet. Den kan nyttast av idrettslag og organisasjonar som nyttar Strandahallen. Den kan nyttast av barn og vaksne i nærområdet, til leik/trening.
- Lonevåg skule* Prosjektet kan bli brukt som grunnlag for det nye turlaget si satsing på bygging av gapahukar på ulike stadar i kommunen. Prosjektet kan bli brukt som eksempel når ein diskuterer nærmiljøtiltak i tverrfaglig plangruppe i kommunen.
- Valestrand skule* Prosjektet er ikkje slutført enno. Men ein ser at ein har fått heva kompetansen på folkehelse og samarbeid på tvers. Ein har bygd opp kontaktnettverk ut mot frivillig sektor. Prosjektet er overførbart til andre SFO/skule område.

Fylkeskommunen vurderer at dei ulike prosjekta har overføringsverdi til andre skular, kommunar og inn i ulike folkehelseutviklingsprosjekt. Vidare er her gode døme for utdanningsinstitusjonar. Fleire av prosjekta kan fungere godt som døme på lokalt samarbeid og særleg samarbeid med frivillig sektor. Prosjektet viser at SFO som nærmiljøarena har unytta kvalitetar og potensiale.

Oppsummering av status knytt til bruk av prosjektmidler frå Helsedirektoratet

Søkjar	Namn på prosjekt	Søkt om utsetting av slutføring til 2015
Bergen kommune		
Slettebakken skole	Godt kosthold for en god hverdag	Nei
Løvås skole	Frisbeegolf for alle i Lynghaugparken.	Nei
Christi Krybbe skoler	Idrettslek og basisferdigheter	Ja. Innan juni 15 Kr 25 565
Sund kommune		
Skogsvåg/Pollen skuler	Nærmiljøarena – Skogsvåg skule	Nei

Stranda skule	<i>Tarzanløype Stranda skule</i>	Nei
Osterøy kommune		
Valestrand skule	<i>SFO-Folkehelse og nærmiljøkvalitetar Valestrand</i>	Nei
Lonevåg skule	<i>SFO-Folkehelse og nærmiljøkvalitetar Lonevåg</i>	Nei

Slutføring av prosjekt i 2015 – overføring av prosjektmidler til vår 2015

Christi Krybbe skoler har valt prosjekt for å utvikle ulike tilbod for å fremje deltaking knytt til meir fysisk aktivitet i SFO/nærmiljøet. Skulen har sett av midlar til gjennomføring av tiltak våren 2015.

Prosjektavslutning vert mai/juni 2015. Grunnen er at det tek tid å utvikle og implementere nye aktivitetar i SFO, og at nokre planlagde aktivitetar passar best i sommar halvåret.

Hordaland fylkeskommune 28 01 2015

Else-Marie Brobakke Aarø

HORDALAND
FYLKESKOMMUNE

Regionalavdelinga

Utviklingsseksjonen

Nærmiljøkvalitetar/Helsefremjande SFO – rapporteringsskjema 2014

Skjema er utfylt av Namn: Tittel:
Organisasjonsnummer og organisasjonsnamn Adresse: Postnr./stad E-postadresse
<p><i>Årsrapport</i></p> <ul style="list-style-type: none"> • <i>Rapportering for eit avslutta år/avslutta prosjekt</i> <p><i>Statusrapport</i></p> <ul style="list-style-type: none"> • <i>Rapportering undervegs:</i>
Kva er hovudføremål med prosjektet? Tittel på prosjektet. Kort samandrag av prosjektet.
<ul style="list-style-type: none"> • Kva mål har de oppnådd og korleis vurderer de måloppnåinga? • Vurdering av eigne tiltak
<ul style="list-style-type: none"> • Korleis er prosjektet implementert i folkehelsearbeidet i kommunen?
<ul style="list-style-type: none"> • Beskriv kort om prosjektet vil føre til ein langsiktig tenking rundt samarbeid om eit nærmiljøprosjekt?
<ul style="list-style-type: none"> • Korleis vurderer de at tiltaka har verka som nærmiljøtiltak?
<ul style="list-style-type: none"> • Kor mange delteke i prosjektet: direkte og indirekte
<ul style="list-style-type: none"> • Korleis har de gjennom prosjektet og utvikling av tiltak involvert borna i SFO?
<ul style="list-style-type: none"> • Har sluttresultatet av prosjektet overføringsverdi til andre? Kven og korleis?
Dato Signatur Tittel/rolle som godkjenner